

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, Sp og Krf fram slikt forslag:

«Tillegg:

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøloftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærmere Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkommelighet for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommelighet på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.
7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøloftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøloftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Hammer sitt forslag punkt 4 og 6 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Hammer sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Hammer sitt forslag punkt 7 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøloftet 2022 - 2025 slik det ligg føre.
2. Fylkestinget peiker på at det i liten grad er lagt inn investeringar i infrastrukturen til busstilbodet mot slutten av handlingsprogramperioden (2024 og 2025). Det er viktig at infrastrukturen til busstilbodet sikrar god framkomst, nok kapasitet, konkurransekraft og gode høve for drift. Fylkestinget ber partane i Miljøloftet om å arbeide målretta for å løfte fram gode bussprosjekt og at dei prioriterer dette i komande planprogram.
3. Fylkestinget meiner at framtidige handlingsprogram må vere bygd opp etter satsingsområda slik det vart semje om i byrekstavtalen. Satsingsområda i byrekstavtalen er gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvennlig teknologi og innovasjon, og dette må handlingsprogramma reflektere tydeleg.
4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøloftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærmere Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkommelighet for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommelighet på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.
7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøloftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av

miljøloftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.